

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	24.02.2023
Vår referanse	2023/28536-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til konsesjonspliktvrdering for Havsgård mikrokraftverk, dykkar ref.: 202217587

Bakgrunn

Det er planlagt eit kraftverk i Hafskorelva med inntak på kote 93, det det skal byggjast ein steindam med magasin på om lag 80 kubikkmeter. Frå inntaket skal det leggjast 603 meter lang nedgraven røyrgate, ned til kraftstasjon på kote 10. Maksimalt vassuttak er på 57 prosent av middelvassføringa, og planlagt minstevassføring tilsvarar den alminnelege lågvassføringa. Estimert årleg energiutbytte er på 0,06 GWh.

Ei konsesjonspliktvrdering gjeld effektar av vassdragstiltaket. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

Kulturminne

Viser til førespurnad om konsesjonsvrdering i samband med brev av 10.01.2023 frå NVE.

I høve til kulturminne er det ikkje kjent funn innanfor det arealet som vil bli påverka ved ei eventuell utbygging. Det er kjent funn på Hafskor frå før, ei gravrøys på bnr. 4, id. 90359. Denne ligg eit par hundre meter nedanfor og sør for der planlagd røyrgate skal kryssa innmarka på bnr. 12. Det er og kjent ei kolgrop på bnr. 3, id.90360, om lag 50 meter aust og ovanfor den gamle hovudvegen.

Dette viser at garden har vore teken opp i førhistorisk tid og at det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Området som i utgangspunktet kan sjå ut til å ha størst potensial for funn er innmarka på bnr. 12 der røyrgata er planlagd nedgraven.

Det må difor påreknast ei arkeologisk registrering som følgje av undersøkingsplikta som er heimla i kulturminnelova § 9 av arealet som vert råka i samband med det planlagde mikrokraftverket.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn vekst, klima og energi

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn vekst, klima og energi

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Postboks 24

5649

EIKELANDSOSEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER